

FYLKESMANNEN I ROGALAND  
Postboks 59 Sentrum  
4001 STAVANGER

Dato: 31.01.2018  
Vår ref.: 2014/11775-19  
Saksbehandlar: eirkniv  
Dykkar ref.:

## Søknad om driftsmidler til Vestkystparken 2018

Hordaland fylkeskommune er sekretariat for Vestkystparken i perioden 2018-2021 og søker med dette om statsmidlar til drift av skjergardstenesta i Vestkystparken for 2018.

Vestkystparken (VKP) er eit regionalt partnerskap for strategisk, praktisk og økonomisk samarbeid om viktige friluftslivsområder langs kysten i Rogaland og Hordaland. Vestkystparken har som oppgåve å samarbeide om ein effektiv og bærekraftig forvaltning av viktige friluftslivsområder. Vestkystparken har sida 1997 drive skjergardspark frå Egersund i syd til Fensfjorden i nord og forvaltar meir enn 300 friluftslivsområder, utthammer, fortøyningsplassar, teltplassar og badeplassar. Desse områda vert drifta gjennom eit samarbeid mellom Statens Naturoppsyn (SNO), fylkeskommunane og friluftsråda.

Vestkystparken vert leia av eit styre med to politiske representantar oppnemnd frå kvar av fylkeskommunane og ein politisk vald representant frå kvart av friluftsråda. Styret si funksjonstid følgjer fylkestingperioden. Representanten frå den fylkeskommunen som har sekretariatsperiode er styreleiar. I tillegg møter ein frå kvar av fylkesmennene, dagleg leiar frå kvar av friluftsråda og administrativt tilsett representant frå kvar av fylkeskommunane med tale og forslagsrett.

### Året 2017

For Vestkystparken har 2017 vore eit spennande år. Mykje av fokus har vore på oppfølging av den nye stortingsmeldinga om friluftsliv, særleg utarbeiding av handlingsplan for friluftsliv. Vestkystparken har gitt innspel skriftleg og hatt møte med Klima -og miljødepartementet for å presentere innspel og synspunkt. Vestkystparken har som ledd i oppfølginga av vedlagde «Handlingsplan 2016-2019», bidrege med midlar til ny båtlivsundersøking og innleia dialog med SNO for å betre samarbeidet i skjergarden.

I oktober 2017 gjennomførte Vestkystparken i samarbeid med Hordaland og Rogaland fylkeskommune tre seminar om sikring av friluftslivsområde, geografisk spredt i dei to fylka. Attendemeldingane frå desse har berre vore positive og det vert forventa at resultatet av seminara vil sjåast i auka søknadsmasse for sikring i åra framover.

Ut over dette har friluftsråda utført vanleg drift av Skjergardstenesta. Årsmeldingar og revidert reknskap for friluftsråda vil først vere tilgjengeleg på årsmøte, som normalt vert halde i mars. Desse kan ein få ved å kontakte dei enkelte friluftsråd.

### Rekneskap 2017

I 2017 fekk Vestkystparken kr. 3 780 000,- i driftstilskot frå staten. Desse midlane vart fordelt mellom friluftsråda av styret på følgjande måte, etter fylkesmannen nytta kr. 15 000,- til administrasjon:

- Bergen og Omland Friluftsråd kr 1.779.702,-
- Ryfylke Friluftsråd kr 1.122.675,-
- Friluftsrådet Vest kr 752.225,-

- Dalane Friluftsråd kr 110.398,-

I tillegg til dei statlege midlane bidrog Hordaland og Rogaland fylkeskommunar med kr. 2 650 021,- i regionale driftstilskot. Fordelinga av driftstilskot for 2017 vart som følgjer:

- Bergen og Omland Friluftsråd kr. 1 116 939,-
- Ryfylke Friluftsråd kr 713 819,-
- Friluftsrådet Vest kr 486 529,-
- Dalane Friluftsråd kr 92 735,-
- Kr 240 000,- vart avsett til fellesutgifter.

Jæren friluftsråd er og ein del av Vestkystparken, men ikkje har skjergardsteneste, fekk tildelt kr. 332 733,- av Rogaland fylkeskommune til sitt arbeide langs Jærstrendene.

Rekneskap for 2017 og budsjett for 2018 for dei enkelte friluftsråd finn de i vedlegget «Rekneskap og budsjett».

### Driftsplan 2018

Styret har med bakgrunn i handlingsplanen for 2016-2019 vedteke at det i 2018 skal prioriterast å vidareføre og styrkje satsinga på marin forsøpling ved å sjå på skjergardstenesta si rolle og følgjande tiltak i handlingsplanen:

- Arbeide for at innsamling av eigarlaust søppel og haldningsskapande arbeid blir dekkja via fast finansiering.
- Inngå avtalar om gratis deponering av avfall.
- Delta i aksjonar og kampanjar for å fjerne eigarlaust søppel.

I tillegg har styret vedteke å prioritere politisk arbeid med økonomiske rammer, og tilrettelegging for friluftslivsbasert reiseliv. Miljødirektoratet skal bli invitert til eit styremøte for å drøfte forenkling av søknads- og rapporteringsprosedyrar mm.

### Budsjett 2018

For 2018 bidreg Hordaland fylkeskommune med kr. 1 530 000,- i regional driftstøtte til Vestkystparken, medan Rogaland fylkeskommune bidreg med kr. 1 220 021,- pluss kr. 332 733,- til Jæren friluftsråd. Dette gir ei samla regional driftstøtte på kr. 3 082 754,-. I tillegg til dette yter kommunane avgjerande ressursar til drift av skjergardstenesta gjennom sin kontingent til friluftsråda. Som det går fram av dei vedlagte rekneskapstalla vart dei totale driftsutgiftene i Vestkystparken omlag 15 mill. kr. for 2017. Desse utgiftene er forventa å auke i 2018. Fordelinga av driftstøtta vil skje på det første møtet i styret for Vestkystparken i 2018 den 5. april.

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Britt Karen Spjeld  
fylkesidrettssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*